

Vil du bli vår nye lærling i helsearbeiderfaget?

Vik kommune har 1 x 100 % stilling som lærling i helsearbeiderfaget med oppstart i midten august 2026.

Vik kommune er ein liten kommune, midt i Vestland, med om lag 2600 innbyggjarar. Me er mellom anna kjende for vår produksjon av gamalost og bringebær, og er ein populær stoppestad for turistar. Me har eit innovativt og spennande arbeidsliv i Vik, med mange bedrifter som trekkjer arbeidskraft til kommunen. Me har gode moglegheiter for tur i skog og mark, ved fjorden og på fjellet og kort veg til Voss, Bergen, Sogndal og Førde.

Vik kommune er i innspurten av bygging av ny sjukeheim, med ferdigstilling av 3. og siste byggesteg i april 2026. Då har me nye lokaler til alle tenestene våre: heimetenester, psykiatri, institusjonskjøkken, dagtilbod, rehabilitering, sjukeheimsplassar og omsorgsbustader.

Me tilbyr lærlingane våre å teste ut fleire avdelingar medan dei er hjå oss, sjukeheim, heimesjukepleie, teneste til menneske med nedsett funksjonsevne, 8 veker hospitering på sjukehus og kortare hospiteringsbesøk i psykiatri/bu- og miljøtenesta dersom dette er ynskjeleg.

Arbeidsoppgåver

Som lærling vil du ha din eigen rettleiar på den avdelinga du til ein kvar tid jobbar. Du vil få jobbe sjølvstendig med pleie, pasientretta oppgåver og observasjonar, men alltid ha nokon å spørje. Du vil vere ein del av eit tverrfagleg team som samarbeider om god behandling og gode dagar for våre bebuarar/brukarar.

Kvalifikasjonar

- Bestått VG1 helse og oppvekstfag, påbegynt VG2 helsefagarbeidar. VG2 må vera bestått før oppstart.
- Gode norskkunnskapar skriftleg og munnleg. Søkjarar med anna morsmål enn norsk, dansk eller svensk må kunne dokumentere bestått eksamen frå skriftleg og munnleg norskopplæring på nivå frå vidaregåande skule.
- Kan ta ansvar for eiga læring. Vi vektlegg engasjement for faget og lærevillegheit
- Politiattest og tilfredsstillande MRSA/ tuberkulinstatus må fremleggjast
- Fråvær og karakterar frå vidaregåande skule inngår i heilheitsvurderinga
- Minimum to relevante referansar.

Personlege eigenskapar

- Du er lærevillig og har evne til å anvende ny kunnskap
- Du liker å samarbeide
- Du er nysgjerrig og initiativrik



- Du er engasjert i faget ditt
- Du må være pliktoppfyllende, og vise engasjement for egen opplæring og utvikling

Me tilbyr

- Opplæring i gode fagmiljø
- Splitter nye og moderne sjukeheimslokaler med gode fasilitetar og ny velferdsteknologi.
- Kompetanseutvikling med dyktige kollegaer.
- Oppfølging av rettleiar og fagansvarleg for lærlingar.
- Gode og utfordrande læresituasjonar.
- Du vert ein del av eit viktig samfunnsoppdrag
- Me har avtale med Sogn opplæringskontor som følgjer opp lærlingane gjennom heile læretida og som inviterer til faglege og sosiale samlingar for lærlingar hjå alle sine lærebedrifter.
- Oppfølgingstenesta hjå fylkeskommunen besøker alle lærlingar i løpet av læretida.
- Årsturnus med arbeid dag/kveld/natt, arbeid kvar 3. helg eller moglegheit for langvakter kvar 4. helg når ein er komen eit stykke ut i læreløpet.
- Erfaring i arbeid både på institusjon og heimebaserte tenester.

Lærlingar vert løna etter hovudtariffavtalen. Grunnlaget for utrekning av løn er årslønn for fagarbeidarar med 0 års ansiennitet.

1. Halvår: 30 %
2. Halvår: 40 %
3. Halvår: 50 %
4. Halvår: 80 %

Kontaktperson

Kristin Hanekam, Stab helse og omsorg, mobil: 90721629,
kristin.hanekam@vik.kommune.no

Hildegard Valland, Kommunalsjef helse og omsorg, mobil: 47264660,
hildegard.valland@vik.kommune.no

